
Lerka

- 1) Og vesle lerka, ho hev det so,
at finn ho ein tuve-topp fri fyr snjo,
so kved ho i med sin gladaste song
- so trur ho på vår med ein einaste gong.
- Å hei ! å hi! å tiriliti! å tirili, tiriliti!

- 2) Og vesle lerka, ho hev det slik,
at finn ho ei solstråle so ver ho rik.
Då stig ho i høgdi og trallar i lit
Til sumar på jord, endå snoen ligg kvit.
- Å hei ! å hi! å tiriliti! å tirili, tiriliti!

- 3) Og lyngtuva, det er lerka sitt fat.
Der set ho seg ned , og so fær ho seg mat.
Og når ho er mett, ho takkaar so glad
Vårherre for maten med kvitter og kvad.
- Å hei ! å hi! å tiriliti! å tirili, tiriliti!

- 4) Gud signe deg! du er fuglen min, du!
Gud signe no deg med di glade tru!
Og møter eg kulde og snjo på min veg,
Gud gjev meg i sol-tru å kveda med deg:
- Å hei ! å hi! å tiriliti! å tirili, tiriliti!

Forklaringer:

Kvilesteg. Vi dansar 5 kvilesteg og 2 sviktar av neste. På "(Å) hei og hi" trør guten på høgre og set venstre tå inn i ringen, medan han snur seg mot eiga jente. Jenta gjer tilsvarannde - trør på venstre og set høgre tå inn i ringen medan ho vender mot eigen gut. Samtidig tar vi armane ut frå kroppen. På "(å) tiriliti" snur begge "tilbake" mot framand, og set ledig fot inn i ringen, og vi tar igjen armane ut. Så gjer vi det same ein gong til på resten av verset.

Opplysninger:

Visa er dikta av Per Sivle (1857-1904) og trykt i samlinga "Skaldemål" (1896). Tonen er laga av Lars Søraas (1862-1925). Dansemåten er laga av Klara Semb, og stod først i "Leikarvollen" i 1926. Dansen står i boka Klara Semb: "Norske Folkedansar. Songdansar." (1985).